
Fra: Astrid Døssland <adossland@gmail.com>
Sendt: 18. august 2022 12:51
Til: Postmottak OED
Emne: Høyringsvar RePowerEU

For det første er det uhøyrte og arrogant å legge ei så viktig høyring, med kort svarfrist, rett inn mot sommarferien. I tillegg har de ikkje teke bryet med å oversetje saksdokument/ direktiv frå engelsk til norsk. Det går berre ikkje an!!

Dette er med å svekke både demokrati og mogelegheiter for påverknad.

De snakkar om "fornybar".. då meiner de storstilt utbygging av vindkraft på land og hav??
Dette er ein dårleg idé: dyrt, forureinande og helseskadeleg, og i tillegg gir det kun ustabil energi.
Lytt til fagfolk, ikkje lobbyistar!!
Vil ikkje hjelpe om heile kloden blir fylt opp med vindturbinar.

Havet er ein del av naturen og matfatet vårt. Vi har nok problem med plast og kreftframkallande stoff som f.eks bisfenol.

Gjer skikkelege konsekvensutgreiingar.
"Hastverk er lastverk".

De likar å snakke om "Det grønne skiftet", dette er langt frå grønt. Det er øydeleggjane for natur, fugle- og dyreliv, samt livet i havet (matfatet vårt). Stopp nedbygging av naturen på land og hav!

Ønskjer ikkje at Noreg skal vere eit underbruk av EU, ei heller ei inntektskjelde for svære internasjonale investeringselskap, som sug pengane ut av land og folk.
Norsk kraft på norske hender, med skikkeleg og ansvarleg politisk styring!

Noreg må gjerne bidra med olje og gass til EU, også med overskot av vasskraft, når rikeleg tilgong, men ikkje som no med ekstem nedtapping av våre vassmagasin. Dette er miljøkriminalitet.

Det norske folk har sagt NEI til EU medlemskap to gonger, og vi vil ikkje lurast inn bakdøra!!
Sei opp EØS avtalen med ACER og alle direktiv som øydelegg for oss. Gode handelsavtalar er viktig.
Husk vi har resursar andre vil ha. Dette må forvaltes med kløkt.

Mvh. Astrid Døssland
Vilhelm Bjerknes vei 49
5081 Bergen
(adossland@gmail.com)